

## Vedlegg 5

Innspel frå dei vidaregåande skulane



## Notat

**Frå:** Geir Kjetil Øvstetun

**Til:** Susan Husabø, OA

**Til:**

**Kopi til:**

### OPPLÆRINGSTILBODET 2016/2017 ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE

I samband med saka om Opplæringstilbodet for 2016/17 for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer Årdal vidaregåandeskule å spela inn følgjande moment:

#### 1. Tilgang på læreplassar

Årdal vidaregåande skule har i samarbeid med Sogn Opplæringskontor (SOK), jobba mykje for å auka tilgangen på læreplassar i vår region. Fylkeskommunen og SOK har tal som viser dette veldig tydeleg. Når vi då ser at det vert sett i gang tilbod, som konkurrerer med vore tilbod, der ein ikkje har tilgang på læreplassar i det heile, så reagerer vi på dette. Dette ser vi mellom anna på tilbodet om Vg2 Brønning, der ein omtrent ikkje har tilgang på læreplassar, medan Vg2 Kjemiprosess får alle som er kvalifisert, ut i lære. Innan Kjemiprosess må ein faktisk importera lærlingar frå mellom anna Hordaland. SOK aleine har starta 13 lærekontraktar innan Kjemiprosessfaget berre i 2015.

Eid vidaregåande skule har orientert oss om at dei ønskjer å starte opp Vg2 automatisering, etter påtrykk frå lokalt næringsliv. Har dei tilgang på naudsynte læreplassar, eller er det berre noko dei seier? Det sto att tre elevar frå Vg3 Automatiseringsfaget som ikkje hadde fått lærekontrakt i august 2015. Vi finn det merkeleg at desse elevane ikkje då fekk tilbod om lærekontrakt i Eid-området. Alle ligg som søkjarar i Vigo.

Næringslivet i region, og særskilt Årdal, står i ein eigen posisjon i forhold til tilgang på læreplassar. Hydro Aluminium Årdal aleine har teke inn 30 lærlingar berre i 2015. Det er vår klare meining at ein i framtida, i mykje større grad enn tidlegare, må legge vekt på tilgang på læreplassar ved utlysing av opplæringstilbodet.

Kor mange elevar som har gått Vg2 Elenergi er det som ikkje har fått læreplass innan elektrikarfaget pr. dags dato? Svaret er 11 ( ein heil klasse). Jmf. Vigo

Fleire gonger dei siste åra har Årdal vgs. hatt søkjarar nok til to Vg2 klassar innan Vg2 Automatisering, men vi har ikkje søkt om å få i gang denne ekstraklassen, fordi vi ser at det er problem med å få nok læreplassar etter Vg3 i Sogn og Fjordane. Dette burde fleire verksemdar og politikarar merka seg. Pr jan 2015 er 21 løpande lærekontraktar som vart inngått i 2013 og 2014. Det er med andre ord ikkje realistisk å starte ein ekstra klasse innan automatisering i fylket, fordi da må ein faktisk oppretta 24 nye læreplassar i fylket.

Innan Service og samferdsle har tilgangen på læreplassar innan kontor- og administrasjonsfaget, salsfaget og IKT-servicefaget auka med 14 læreplassar sidan 2012. Ti av tolv elevar på Vg2 Sal, service og tryggleik skuleåret 2014/15 har fått læreplass eller skuleplass etter eige ønskje.


Innan Vg2 Industriteknologi har elleve fått læreplass og ein har fått skuleplass.

På Vg2 Kjemioprosess har alle fått læreplass.

**Konklusjon: Det må vera samsvar mellom opplæringstilbodet innan yrkesfag og tilgang på læreplassar. Det har vi ved Årdal vidaregåande skule, slik tabellane frå SOK viser.**

Vi legg ved tal frå Sogn Opplæringskontor for Årdal vgs frå og med skuleåret 2013/14:

	SOK Formidlet	Kjemiprosess			TIP			Service og samferdsle			Automasjon		
		2KPA	2KPA	2KPA	2TPA	2TPA	2TPA	2SSA	2SSA	2SSA	3AUA	3AUA	3AUA
		13/14	14/15	15/16	13/14	14/15	15/16	13/14	14/15	15/16	13/14	14/15	15/16
	Antall i klassen	7	10	9	10	12	11	14	12	12	13	12	11
Læreplass:	Ikke søkt	0	0		0	1		0	0		0	0	
	Læreplass i Sogn	4	7		8	9		5	2		4	5	
	Læreplass annet sted	2	3		0	0		2	3		6	4	
	Takket nei	0	0		0	0		0	1		0	0	
	Ikke fått tilbud	0	0		0	0		0	1		0	3	
Annet:	Skole - Påbygg	1	0		0	0		2	3		1	0	
	Skole - Annet	0	0		1	2		1	2		0	0	
	Jobb/annet	0	0		1	0		4	0		2	0	



## 2. Innpendling

For Årdal vgs er det vesentleg, som det vart påpeikt under arbeidet med skulebruksplan, at ein har innpendling til skulen. Dei områda der skulen har størst grunnlag for innpendling er programområda Vg3 Påbygging til generell studiekompetanse, Vg2 Kjemiprosess og Vg2/Vg3 Automatisering.

Årdal vidaregåande skule har i dag mellom 40-50 elevar som pendlar inn til skulen. Dette utgjer nesten 25% av elevmassen. Mesteparten av desse elevane går på ovannemnde programområde.

I tillegg til dette er Vg3 Påbygg sentralt i forhold til trygge arbeidsplassane til pedagogisk personale, som har hovuddelen av arbeidet sitt på Studiespesialisering.

Det er viktig å oppretthalde ein «parallell» innan Studiespesialisering med eit Vg1, Vg2, Vg3-løp. Studiespesialisering har nesten halvparten av elevane ved skulen og mange av undervisningsstillingane ved skulen er knytt opp mot avdelinga. I tillegg er kompetansen til dei som underviser der sentral for fellesfaga på yrkesfaglege programområde.

Øvre Årdal 23.09.2015  
Geir K. Øvstetun  
Rektor

**Sakshandsamar:**

Marta Sofie Vange

E-post: marta.sofie.vange@sfj.no

Tlf.: 57 67 64 01

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/8405-12

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

42300/15

**Dykkar ref.****Dato**

SOGNDAL, 24.09.2015

Susan Husabø, OA

## Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017 - Sogndal vgs

Sogndal vidaregåande skule har fylgjande innspel til skuletilbodet for kommande skuleår.

Sogndal vidaregåande skule har i kontakt med bransjen innanfor sal, service og reiseliv fått tydelege innspel på kva næringa forventar. Næringa er bekymra for tilgang på kompetanse, og spelar inn at me må gjera utdanningsprogrammet for service og samferdsel meir attraktivt for elevane, og såleis heva statusen på denne viktige næringa for regionen.

Me søker difor om å få gjera vg2 «sal, service og sikkerheit» om til « Sal, service og reiseliv» i tråd med signala i ny læreplan (som var på høyring). Dette vert difor eit prøveprosjekt ved Sogndal vgs, og vil kunna gjennomførast innanfor eksisterande økonomiske rammer ved at faget «vertskapsrolla» vil erstatta faget «tryggleik».

Byggfag har stort behov for fagarbeidarar særleg innan betongfag /tømrar. Søkanden til bygg og anleggsgfag har dei siste åra vore heller dårleg. For å gjera det meir attraktivt å få fleire elevar til å søkja betongfag ynskjer me å tilby ei gruppa med vekslingsmodell innan betongfag/tømrarfag. Me har samarbeid med Byggopp og Byggmeistarane sitt servicekontor om opplegget. Me tenkjer opplæringa skal organiserast som 4 år veksling mellom opplæring i skule og bedrift. Denne opplæringa skal føra fram til fagbrev innan betong eller tømrarfaget.

Innan elenergi fekk me spørsmål om å ta ei ekstra gruppe inneverande skuleår. Me bygde om, kjøpte utstyr og tilsette godt kvalifisert lærar. Me ynskjer difor å halda fram med to grupper i elenergi. Søkanden brukar å vera stor og me har godt samarbeid med opplæringskontoret og næringslivet som stør oss i at det er viktig å halda fram med to grupper elenergi.

Medium og kommunikasjon vert eit studieførebuande tilbod frå kommande skuleår. Dette er eit viktig tilbod å ha i regionen. Når det blir 30 studieplassar i vg1 her vil det truleg føra til at vg1 studiespesialiserande kan reduserast med ei gruppe.

Vg3 studieførebuande medium og kommunikasjon kan me fylla opp med elevar frå andre yrkesfaglege program t.d. sal service og sikkerheit som søker påbygging. Dette kan me gjera ved å la dei vera med i 10 timar programfag frå studiespesialiserande. Dette er då eit tilbod som ikkje vil kosta noko ekstra.

Med helsing

Marta Sofie Vange





SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE  
Sogndal vidaregåande skule



## Informasjon om vekslingsmodellen for tømrar og betongfag ved Sogndal vidaregåande skule

Vekslingsmodellen ved Sogndal vidaregåande skule vil vere basert på prøveprosjektet til Slåtthaug vidaregåande skule i Hordaland.


Partane som vil vere involvert i utprøvinga av denne modellen er Byggopp, Byggmestrenes Servicekontor og Sogndal vidaregåande skule.

- Deltakande elevar vil ha elevstatus første termin/halvår.
- Når opplæringa går føre seg i regi av skulen har eleven rettार og plikter som elev i samsvar med skulereglement og opplæringslova med forskrifter.
- Dersom partane (elev og bedrift) vert einige om det, skal det inngåast kontrakt i lærefaget etter første termin. Lærekontrakten har ei lengde på tre og eit halvt år.
- Eleven er ikkje garantert læreplass og det er opp til bedriftene kven dei vil teikne lærekontrakt med.
- Når lærekontrakt er inngått, gjelder dei same reglane som for ordinære læreforhold. Partane skal halde seg til reglane som går fram av opplæringslova, arbeidsmiljølova og ferielova.
- Når lærlingen er i bedrifta skal han/ho følgje arbeidstida og arbeidsreglementet ved arbeidsplassen.
- Lærekontrakten er eit mellombels arbeidsforhold slik at arbeidsforholdet sluttar ved utløpet av læretida.

Deltakarane vil vere full tid i skule gjennom første termin. Undervisninga vert gitt ved Sogndal vidaregåande skule. I læretida vil lærlingane periodevis vere tilbake i undervisningssituasjon ved skulen. Sjå eksempel neste side.

Opplæringa er organisert som 4 års vekslende opplæring i skule og bedrift. Normalt skal dette føre fram til fagbrev innanfor betong eller tømrafaget. Grunnlaget er ordinær timeplan med vekt på valt lærefag. Eleven/lærlingen får ikkje standpunktarakter i programfag men må gjennomføre sentralgitt tverrfagleg eksamen etter Vg3 læreplan.

Vekslingsmodellen følgjer eit anna løp enn normalmodellen som er Vg1 og Vg2 i skule og deretter 2 års læretid i bedrift. Deltakarane må vere klare over at dersom dei vel å slutte i prosjektet, kan konsekvensen vere at dei må starte opp att på nytt i ordinært Vg1/Vg2 løp.



## Vekslingsmodellen Sogndal vgs - eksempel

	1. Halvår	2. Halvår	3. Halvår	4. Halvår	5. Halvår	6. Halvår	7. Halvår	8. Halvår	
<b>Tømrrar</b>	<p>Opplæring på skulen. 2 periodar à 2 veker i bedrift.</p> <p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dokumentert opplæring</li> <li>• Varme arbeid</li> <li>• Stillas</li> <li>• Teikningsforståing</li> <li>• Materiallære</li> <li>• Verktøylære</li> <li>• Grunnleggande øvingar i verkstad</li> <li>• Bærekonstruksjonar</li> <li>• Klimakonstruksjonar</li> <li>• Bygge leikehytte</li> </ul>	<p>Lære-kontrakt frå ca 1. feb. Opplæring i bedrift</p>	<p>6 veker opplæring på skulen.</p> <p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etasjeskiljar</li> <li>• Vegger</li> <li>• Balkongar og utvendige trapper</li> </ul> <p>Resten av tida i bedrift</p>	<p>6 veker opplæring på skulen.</p> <p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tak</li> <li>• Dører og vindauger</li> </ul> <p>Resten av tida i bedrift</p>	<p>6 veker opplæring på skulen.</p> <p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innvendig arbeid</li> <li>• Våtrom</li> <li>• Ventilasjon</li> </ul> <p>Resten av tida i bedrift</p>	<p>6 veker opplæring på skulen.</p> <p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tak</li> <li>• Dører og vindauger</li> </ul> <p>Resten av tida i bedrift</p>	<p>6 veker opplæring på skulen.</p> <p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tak</li> <li>• Dører og vindauger</li> </ul> <p>Resten av tida i bedrift</p>	<p>Opplæring i bedrift</p>	<p>Opplæring i bedrift</p> <p>Førebuande kurs til fagprøve, ca 1 veke på skulen</p> <p>Fagprøve i bedrift</p>
<b>Fellesfag</b>	<p>Matematikk Trekkfag eksamen</p> <p>Norsk</p>	<p>Norsk Trekkfag eksamen</p> <p>Naturfag</p> <p>Engelsk</p>	<p>Norsk Trekkfag eksamen</p> <p>Naturfag Trekkfag eksamen</p> <p>Engelsk</p>	<p>Naturfag Trekkfag eksamen</p> <p>Engelsk</p>	<p>Resten av tida i bedrift</p>	<p>Resten av tida i bedrift</p>	<p>Resten av tida i bedrift</p>	<p>Resten av tida i bedrift</p>	<p>Sentralgitt eksamen tømrrarfag</p> <p>Engelsk Trekkfag eksamen</p> <p>Samfunnsfag Trekkfag eksamen</p>


**Sakshandsamar:**

 Torill Thorbjørnsen  
 E-post: torill.thorbjornsen@sfj.no  
 Tlf.: 57637787

**Vår ref.**

 Sak nr.: 15/8405-2  
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

41189/15

**Dykkar ref.**
**Dato**

HØYANGER, 18.09.2015

## Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017

Vi har inneværande skuleår god oppfylling av elevar med ungdomsrett i alle vg1 klassar. Vidareformidling av elevar frå vg2 til bedrift: pr 19/8 var det 3 frå vg2 elenergi som ikkje hadde fått læreplass og 1 frå vg2 frisør (eleven fekk tilbod, men ville ikkje flytte frå Førde) Tilbodet vi har på vg1, vg2 og vg3 må vidareførast skuleåret 2016/2017 Høyanger kommune er vertskap for asylmottak og buset flyktningar. Pr no er det ca 20 elevar som har rett på vg opplæring og vi veit at det kjem fleire pga familiegjenforening. Behovet for eigen innføringsklasse melder seg. Søkjartala til skuleåret 2015/2016 var gode, det var oversøknad til vg1 STS og vg1 elektro. Oversøknaden til STS kan vere eit utslag av at vi har mista DH og HO. Ein del av desse elevane ville søkt på det om tilbodet var her på skulen. Vi manglar tilbod på HO for jenter som ikkje skal gå på STS.

Eg har tidlegare problematisert dette overfor opplæringsdirektøren og rektor ved Mo og Øyrane av di vi ser at det er elevar på STS som kanskje ikkje burde valgt dette, men heller burde val HO. Eg har invitert rektor ved Mo og Øyrane til eit samarbeid der vi set elevane i sentrum, ho var positiv til samarbeid, men det må nesten ligge nokre føringar i samband med utlysing av tilboda. Viser til esak 15/766. For oss er det viktig at vi legg til rette slik at ungdommane gjennomfører vidaregåande opplæring.

Det hadde difor vore fint om vi i lag med opplæringsavdelinga kunne diskutere dette nærmare før tilboda vert lagt ut.

Oppsummert vil vårt innspel vere:

1. oppretthalde klassetalet slik det er no
2. innføringsklasse for minoritetsspråklege
3. eit samarbeid med Mo og Øyrane der vi ser på alternativ opplæringsmodell (esak 15/766)

med helsing

Torill Thorbjørnsen  
 rektor





**Fra:** Gro Fivelsdal

**Sendt:** 20. september 2015 21:21

**Til:** Gro Fivelsdal <Gro.Fivelsdal@s fj.no>

**Emne:** Grunnlagsdata til framlegg til opplæringstilbod for skuleåret 2016-2017

Hei!

Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-17 ønskjer vi skal samsvare med det vi har inneverande år. MERK: På IB vert det neste år 6 plassar totalt, 3 elevar på Vg3 og 3 nye elevar på Vg2.

Når det gjeld dei som gjekk ut frå Vg2 YF hos oss, så har alle fått seg læreplass og slik har det vore tidlegare år også. Vi ser derfor ingen grunn til å endre noko her. Den nye linja Vg2 maritim produksjonsteknikk skal etter kvart evaluerast. Her kan sjølvstekt konjunkturane innanfor skipsindustrien spele ei rolle, men vi held fram med den avtalte delinga på to halve klassar i prøveprosjektperioden på 3 år, (og om det skulle bli dårlegare tider innan skipsindustrien på sikt, så har vi høve til å gå tilbake til 12 plassar for Industriteknologi slik vi alltid har hatt.)

Vi har no heilt full klasse på Vg1 Helse og oppvekst, faktisk har vi venteliste! Derfor reknar vi med at rekrutteringa til Vg2 helsearbeidarfag går fint neste år.

I tabellen nedanfor er plassane for neste år markert i raud kolonne. Talet på neste års elevar på Vg3 er justert ut frå val av programfag/-område som er gjort i år.

På Vg2 er tala eit sannsynleg overslag. Endeleg fordeling vert meldt inn seinare.

					2016-17
14008	Dale vidaregåande skule	HS	1	Helse- og oppvekstfag	15
14008	Dale vidaregåande skule	HS	2	Helsearbeidarfag	15
14008	Dale vidaregåande skule	PB	3	Påbygging til generell studiekompetanse	30
14008	Dale vidaregåande skule	ST	1	Studiespesialisering	30
14008	Dale vidaregåande skule	ST	2	International Baccalaureate	6
14008	Dale vidaregåande skule	ST	2	Realfag	14
14008	Dale vidaregåande skule	ST	2	Språk, samfunnsfag og økonomi	16
14008	Dale vidaregåande skule	ST	3	Realfag	12
14008	Dale vidaregåande skule	ST	3	Språk, samfunnsfag og økonomi	18
14008	Dale vidaregåande skule	TP	1	Teknikk og industriell produksjon	14
14008	Dale vidaregåande skule	TP	2	Industriteknologi	6
14008	Dale vidaregåande skule	TP	2	Maritim produksjonsteknikk	6
<b>Totalt 14008</b>					<b>182</b>

Eg legg dette inn i ESA når vi får eit saknr.

Med venleg helsing

*Gro Fivelsdal*

Rektor

Dale vidaregåande skule

Tlf. 57637002/90149611


**Sakshandsamar:**

 Grethe Øren  
 E-post: grethe.oren@sfj.no  
 Tlf.: 57637504

**Vår ref.**

 Sak nr.: 15/8405-3  
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

41322/15

**Dykkar ref.**
**Dato**

Førde, 21.09.2015

## Notat

### Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017

Det blir vist til e-post av 09.09.15 der skulane blir inviterte til å komme med framlegg til endringar av tilbodet.

Frå hausten 2016 vil det bli endringar i innhald og struktur for Studiespesialiserande med formgjeving og for Medium og kommunikasjon. Kunst, design og arkitektur blir det nye namnet på det studieførebuande utdanningsprogrammet som erstattar formgjeving. Elevtalet er 30 elevar per klasse, slik det er i dag.

Medier og kommunikasjon blir hausten 2016 eit studieførebuande utdanningsprogram. Dette betyr at det blir eit 3-årig løp med 30 elevar per klasse. I dag er dette eit yrkesfagleg utdanningsprogram med 15 elevar per klasse. Dei fleste elevane tek det 3. året i Påbygg.

#### Skulen sitt innspel til tilbod ved Hafstad 2016-17:

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3
Studiespesialiserande	4	4	4
Kunst, design og arkitektur	1		
Studiespes med formgj		1	1
Studieføreb. MK	1		
MK – yrkesfag		1	
Påbygg			1
<b>Totalt</b>	<b>17 klassar a 30 elevar</b>		
	<b>1 klasse med 15 elevar</b>		

Med vennleg helsing

Grethe Øren  
 Rektor




Vedlegg:

GSI- 2013-2014

**GSI - 2013-2014**

<b>Kommune</b>	<b>Førde</b>	<b>Naustdal</b>	<b>Jølster</b>	<b>Gaular</b>	<b>Sum</b>	<b>Inntak skuleår</b>
1. årssteg	184	32	49	40	305	23/24
2. årssteg	176	40	38	35	289	22/23
3. årssteg	177	42	53	45	317	21/22
4. årssteg	185	45	39	44	313	20/21
5. årssteg	182	37	35	44	298	16/20
6. årssteg	188	30	38	36	292	18/19
7. årssteg	169	36	40	35	280	17/18
8. årssteg	205	30	49	36	320	16/17
9. årssteg	150	40	53	44	287	15/16
10. årssteg	168	38	42	43	291	14/15



## **Innspel til dimensjonering av opplæringstilbodet 2016-2017 ved Mo og Øyrane vidaregåande skule**

### **Elevtalsutvikling basert på GSI tal**

Med sentral plassering og med fleire fylkesdekkande opplæringstilbod har Mo og Øyrane vgs. søkjarar frå kommunar frå heile fylket. Med utgangspunkt i kommunane Førde, Naustdal, Gaular og Jølster syner GSI tala ei auke i elevtalet på 32 frå skuleåret 2015-2016 til skuleåret 2016-2017. Det er difor grunnlag for å ein auke i gruppetal for skulane i Førde.

### **Bygg- og anleggsteknikk**

Ved fyrste inntak i juli stod det 19 elevar med ungdomsrett på venteliste på Vg1. Programområde har fulle grupper med ungdomsretts elevar på Vg1.

På Vg2 byggtექnikk er det ein elev med fullføringsrett og ein ikkje rettselev. På Vg2 anleggsteknikk er det fulle grupper, alle med ungdomsrett med unntak av ein elev. Alle elevar frå kullet 2014-2015 er vidareformidla til læreplass.

Med bakgrunn i behovet i næringslivet og den store søknaden til Vg1, foreslår rektor å auke frå tre til fire grupper på Vg1.

### **Elektrofag**

19 primærsøkjalar med ungdomsrett på venteliste ved fyrste inntak syner at dette er eit populært programområde for ungdommane å søkje på. Av Vg2 elevane frå kullet i 2014-2015 er det kun ein elev frå Mo og Øyrane vgs. som i dag står utan læreplass, noko som syner at formidlinga frå skulen er god.

Endring i arbeidsmarkanden har i haust fått konsekvensar for formidlinga av elevar til lære, og i underkant av ei gruppe frå skulane som tilbyr programområde har førebels ikkje fått tilbod om læreplass. Med bakgrunn i situasjonen samla sett i fylket forslår rektor ingen endring i gruppetal verken på Vg1 eller på Vg2.

### **Helse- og oppvekstfag**

Fyrste elevinntaket i juli syner god søknad til programområdet, som har fulle grupper både på Vg1 og Vg2. Alle med ungdomsrett. Søknaden til Vg2 ambulansefag er stor og alle elevane frå kullet 2014-2015 får tilbod om læreplass. Grunna auke i tal læreplassar, har Helse Førde gjeve signal om å auke opp får 6 til 9 elevar i gruppa.

For skuleåret 2014-2015 var det 3 grupper Vg2 Helsefagarbeidar ved skulen. Ei oversikt syner at det samla sett er 20 elevar som står utan læreplass, der 7 var elevar ved Mo og Øyrane vgs. Inneverande år er gruppetalen ved skulen redusert frå tre til to grupper Vg2 Helsefagarbeidar.

Skulen har ei halv gruppe Vg2 Helse-service. Elevane i denne gruppa ynskjer å gå vidare til Vg3 Apotekteknikkar. Dette opplæringstilbodet har ikkje fylket i dag. Alternativ for desse elevane er at fylkeskommunen kjøper plassar i ein anna fylkeskommune.

Med bakgrunn i elevane sitt ynskjer foreslår rektor å starte opp ei halv gruppe Vg3 Apotekteknikar ved Mo og Øyrane vgs. og med bakgrunn i ynskjer frå Helse Førde, å auke tal elevar frå 6 til 9 på Vg2 ambulansesfag. Elles inga endring på tal grupper.

### **Naturbruk**

I inneverande skuleår har skulen ei Vg1 gruppe naturbruk og ei Vg1 gruppe hest. Det vart tatt inn til saman 24 elevar, der 1 elev hadde status ikkje rett.

Med bakgrunn i fylkestingsvedtak i sak 26/13 vart det vedteke at det skulle settast i gong eit utviklingsprosjekt for rekruttering til naturbruksutdanninga i Sogn og Fjordane. Prosjektet vart starta opp i 2014 med eiga prosjektansvarleg. Resultatet av prosjektet så langt, saman med andre rekrutteringsprosjekt som t.d. «Ungdomscamp for rekruttering til Naturbruksutdanninga», har etter kvart gjeve gode resultat med omsyn til søknad til Naturbruksutdanninga i fylket. Ved fyrste inntaket til skuleåret 2015/16 var det 10 av 12 søkjarar på venteliste med ungdomsrett.

Med bakgrunn i auka søknad til skulen og at elevane frå Vg1 Naturbruk også har høve til å søkje seg inn til Vg2 på Sogn Jord og Hagebruksskule, samstundes som skulen skal rekruttere til Vg2 Landbruk og gartneri på eiga skule, foreslår rektor ei auke frå 1 til 2 grupper ved Vg1 Naturbruk.

Frå Vg2 Landbruk og gartneri har desse elevane også høve til å søkje seg direkte inn til Naturbruk studieførebuande. Det ville samstundes styrkje rekrutteringa til Vg3 Landbruk etter at det no er høve til å ta ei 4. år for å få studiekompetanse etter fullført agronomutdanning. Frå og med inneverande skuleår ser ein no at elevane er klar over denne moglegheita, og i alt 6 elevar har søkt og starta på Naturbruk studieførebuande til skuleåret 2015/16 etter fullført yrkesutdanning våren -15.

### **Restaurant- og matfag**

I justeringssaka i mars 2015 vedtok HO å redusere Vg1 RM frå to til ei gruppe for inneverande skuleår. Ein reduksjon til ei Vg1 gruppe i inneverande skuleår vil i utgangspunktet få konsekvensar for gruppetalet for Vg2 Kokk og servitør for komande skuleår. Det kan difor vere grunnlag for ein reduksjon frå to til ei gruppe på Vg2 kokk og servitørfag for komande skuleår.

### **Service og samferdsle - YSK**

Prøveinntaket syntte stor interesse for det nye YSK tilbodet. Etter andre inntak vart tatt inn 9 elevar til Vg1. Rektor foreslår inga endring i tilbodet. Skulen ynskjer at tre av plassane ved YSK tilbodet skal reserverast til elevar som ynskjer seg til programområde Transport og logistikk.

I *Forskrift om inntak til vidaregåande opplæring, Sogn og Fjordane*. § 7 som omhandlar inntak til særskilde yrkesfaglege utdanningsløp som leiar fram til yrkes- og studiekompetanse er kravet for elevar som søkjer YSK tilbodet mellom anna karakteren fire i faga matematikk og i naturfag. Me grunngjeving i relevans ynskjer skulen at dette kravet skal endrast til karakteren fire i faga matte og i norsk for dette programområdet.

### **Teknikk og industriell transport**

Søknaden til skulen og formidling av elevane frå Vg2 til læreplass syner å vere i god balanse. Rektor foreslår difor inga endring i tal grupper ved dette programområde.

Nivå	Kode	Programområde	Plassar	Tal grupper
1	BABAT1	Bygg og anlegg	48	4
2	BABYG2	Byggteknikk	24	2
2	BAANL2	Anleggsteknikk	24	2
1	ELELE1	Elektrofag	24	2
2	ELDEL2	Data og elektronikk	12	1
2	ELELE2	Elenergi	12	1
1	HSHSF1	Helse- og oppvekstfag	45	3
2	HSAMB2	Ambulansfag	9	0,5
2	HSHE2	Helseservice	6	0,5
2	HSHEA2	Helsearbeidarfag	30	2
2	HSBUA2	Barne- og ungdomsarbeidarfag	15	1
3		Apotekteknikk	6	0,5
1	NANAB1	Naturbruk	30	2
1	NANAB1	Naturbruk – hest	15	1
2	NAHHO2	Heste- og hovslagarfag.	15	1
2	NALGA2	Landbruk og gartnarnæring	15	1
3	NANAB3	Naturbruk studieførebuande	15	1
3	NALBR3	Landbruk	15	1
1	RMRMF1	Restaurant og matfag	24	2
2	RMKOS2	Kokk og servitørfag	15	1
1	SSSSA1P	YSK-Service og samferdsel 4-årig	15	1
2		YSK-Service og samferdsel 4-årig	15	1
2	SSTR2	Transport og logistikk – der 3 elevar er knytt til YSK- tilbodet.	12	1
1	TPTIP1	Teknikk og industriell produksjon	36	3
2	TPBLK2	Bilskade, lakk og karosseri	12	1
2	TPPIN2	Industrieteknologi	12	1
2	TPKJT2	Køyretøy	12	1
			513	38,5

Vedlegg

Søknad om utviding av YSK tilbodet ved Mo og Øyrane Vidaregåande skule.

.....  
Liv Horvei – rektor

.....  
Jarle Rongve –Utdanningsforbundet ATV

.....  
Jarl Devik – Naturvitarane ATV

## Søknad om utviding av YSK tilbodet ved Mo og Øyrane Vidaregåande skule.

Mo og Øyrane Vidaregåande skule søker om å utvide YSK tilbodet ved Service og Samferdsle til også å gjelde transport- og logistikkfaget. Skulen søker samstundes om å endre karakterkriteria frå 4 i matematikk og naturfag til 4 i matematikk og norsk.

### Bakgrunn for ynskje om utviding av tilbod

Bransjen har gjeve svært gode tilbakemeldingar på den nye utdanninga. Eit godt omdømme vil truleg medføre auka rekruttering og tilgang på gode lærebedrifter dei kommande åra.

Det er eit sterkt ynskje frå opplæringskontor og lokale bedrifter å auke rekrutteringa innan transportfag og logistikkfag. Det er eit stort behov for fagarbeidarar innan transport- og logistikkfag og det har vore vanskeleg å rekruttere nok elevar. Det er difor ynskje om å utvide tilbodet på YSK løpet til Service og Samferdsle til å gjelde transportfag og logistikkfag. Dette vil bidra til å auke rekrutteringa til desse faga og imøtekomme bransjens behov for lærlingar.

### Praktisk gjennomføring

Vi ynskjer å tilby 15 elevplassar i vg1 der 3 av desse gjeld transport og logistikkfaget. Når desse 3 elevane kjem på vg2 vil dei følge 11 programfagtimar i lag med transport og logistikk klassa. Øvrige timar vil vere i lag med eigen klasse og i utplassering i bedrift. Transport og logistikk klassen vil då også få ei auke til 15 elevar. (12 ordinærelevar + 3 YSK elevar). Dette vil ikkje medføre vesentlege ekstra kostnader.

Som ved eksisterande YSK løp vil elevar som vel tilbodet samtidig søke ein av våre samarbeidspartnarar om læreplass. Bedriftene vil så gjennomføre intervju med aktuelle elevar.

### Dagens Transport og logistikkfag

Skulen ser at det er viktig å behalde dagens ordning med VG2 transport og logistikkfag. Og vi ser at det er elevar som kan bli gode yrkessjåførar utan at dei har minimumskarakteren 4 i matematikk. Skulen ynskjer derfor at tilbodet om YSK for transportfag og logistikkfag ikkje skal erstatte VG2 transport og logistikk, men komme i tillegg til eksisterande VG2 tilbod Transport- og logistikkfag.

### Bakgrunn for ynskje om endring av karakterkrav

I forhold til faga i Service og Samferdsle er det forventning om at ein skal kunne kommunisere godt både skriftleg og munnleg. Samt at elevane bør ha ein god forståing innan matematikk. Det vil derfor vere naturleg å endre karakterkravet 4 frå matematikk og naturfag til karakteren 4 i matematikk og norsk.

### Økonomiske konsekvensar

Ved yrkesfag kan ein ha inntil 15 elevar. Dette tilbodet vil utvide eksisterande YSK løp ved VG1 Service og Samferdsle. Mo og Øyrane vil då kunne tilby 12 plassar til sals- og kontorfaget og 3 elevar til Transport- og logistikkfaget. Ved VG2 vil desse elevane kombinerast med skulen si VG2 transport og logistikk linje. Opplæringskontoret vil ha oppfølging med elevar i bedrift i VG3 og VG4.

Stad/dato:

---

Liv Horvei- Rektor

---

Reidun Kristiansen - Avdelingsleiar



## Notat

**Frå:** Knut Chr. Clausen

**Til:** Reidun Liljedahl Fimreite, OA  
Susan Husabø, OA

### Kopi til:

### Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017 Innspel frå Flora vidaregåande skule

Flora vidaregåande skule har ein vedteken struktur på VG1 og VG2 som krev at ein ser nærare på elevgrunnlaget på VG1 for 16/17, slik at ein både imøtekjem elevane sitt søkjarmønster, samt ivaretek strukturen på VG2 året etter. Det er venta ei reduksjon i elevtal frå grunnskulen i Flora og Bremanger kommune våren 2016 og ein samla auke igjen våren 2017.

Med bakgrunn i historisk søkjarmønster ønskjer skulen å beskrive ei framlegg til dimensjonering av tilbodet for 2016-2017.

#### Utgangspunktet for framlegget for VG1 tilbodet er slik:

Forventa GSI-tal for 10 klasse i Flora er 149 basert på teljing haust 2014. Tal for elevar i 10 klasse pr. 23.09.15 er oppgitt frå Flora ungdomsskule og Eikefjord barne- og ungdomsskule til å vere **152**.

Vidare er det 6 ungdomsrettselevar i EFG-klassen (samarbeid S&F fylkeskommune og Flora Innvandrarsenter) som er søkjarar med ungdomsrett til skulen neste år.

Det rimeleg å tru at 10 omvalselevar søkjer til skulen neste skuleår. Det er 11 omvalselevar til VG1 dette skuleåret.

Vidare har skulen i dag om lag 10% innpendling på VG1 frå andre kommunar enn Flora og Bremanger. Noko som utgjer om lag 20 elevar i år på dette trinnet. Desse elevane kjem frå kommunar i Sunnfjord som samla sett har ein elevtalsauke neste år. Førde har ei markant auke. Ein kan såleis argumentere for at det fortsatt kan vere grunnlag for elev-innpendling til Flora vidaregåande skule

Om ein legg tala ovanfor til grunn kan ein simulere inntak og oppfylling basert på tala og erfaring knytt til elevane sine val. Tek ein med 10.klasse Flora og ½ Bremanger, rettselevar i EGF, forventa omvalselevar, samt 10% innpendling kan ein argumentere for at det er 212 elevar med rett i inntaksgrunnlaget til skulen sine VG1 tilbod skuleåret 2016-2017.

Vidare er det slik at søkjar TIP, Bygg og Elektro i nokon grad innbyrdes vil ha dei andre tilboda som 2.- og 3. val.





Til inneverande skuleår (2015-2016) er søknadsmønsteret slik:

Pr.områdenavn	% Primærsøking – 15/16
Studiespesialisering	30 %
Helse- og oppvekstfag	14 %
Teknikk og ind. produksjon	14 %
Elektrofag	13 %
Idrettsfag	11 %
Bygg- og anleggsteknikk	9 %
Service og samferdsel	8 %

Tek ein så utgangspunkt i 212 elevar inn i samla rekrutteringsgrunnlag for skulen og legg primærsøkjarmønsteret for skuleåret 2015-2016 til grunn vil søkjarane (Flora, ½ Bremanger, EGF-elevar, omval og innpendling frå andre kommunar kunne fordele seg slik):

Pr.områdenamn	Estimert søkjartal ved 212 elevar i søkjar-grunnlaget	Grupper	Plassar	Rest	Grupper
Studiespesialisering	64	2	60	4	Med ei dimensjonering som dette reknar skulen med at forholdet plassar/ primærsøkjarar, samt at andreval for handverksfaga er andre handverksfag ved same skule vil det kunne vere grunnlag for både utlysing og igangsetting av samla 12 grupper på VG1
Helse- og oppvekstfag	31	2	30	1	
Teknikk og ind. produksjon	31	2	24	7	
Elektrofag	28	2	24	4	
Idrettsfag	23	1	30	-7	
Bygg- og anleggsteknikk	19	2	24	-5	
Service og samferdsel	17	1	15	2	

Estimatet ovanfor legg opp til at 1.-, 2.- og 3. vals søking til TIP, Bygg og Elektro samla vil gi grunnlag for 2 VG1-grupper på kvart av desse programområda.

### VG1

Skulen ber såleis om at ein lyser ut same VG1 tilbod skuleåret 2016-2017 som skulen har inneverande år.

### VG2

Skulen ser at for VG2 Brønnteknikk våren 2014 fikk alle elevar som ønskte lærekontrakt dette. Våren 2015 fikk 2 av 12 elevar læreplass. **Skulen har ikkje grunnlag for å gjere kvalifiserte vurderingar kring læreplass-situasjonen og strukturelle forhold i næringa i åra framover, og om det såleis er grunnlag for å oppretthalde tilbodet som i dag.**

På programområde for Service og samferdsle har skulen i dag eit VG2-tilbod – det er VG2 IKT-servicefag. Dette er eit fag som i dag rekrutterer særleg IKT-interessert ungdom frå heile fylket og i kryssløp frå alle VG1 programtilbod i fylket. Inneverande skuleår rekrutterer IKT-servicefag ved Flora vidaregåande skule 2 av 15 elevar frå eige VG1 Sal og service.

På VG1 Service og samferdsle er det skuleåret 2015-2016 teke inn 16 elevar med ungdomsrett. Alle elevane er frå Sunnfjord. Av desse er mange tekne inn med dokumentert trong for individuell tilpassing. Basert på historiske tal vil få av desse ønskje IKT-servicefag på VG2.

Med utgangspunkt i føreslege struktur, med avvikling av VG2 Sal, service og tryggleik ved Hafstad/Mo og Øyrane har eit såleis eit fleirtal av desse elevane ikkje lenger tilbod om VG2 Sal, service og tryggleik i Sunnfjord frå og med skuleåret 2016-2017. **Av omsyn til å ivareta denne elevgruppa særskilt ber skulen fylkesdirektøren vurdere om det bør etablerast eit VG2 Sal, service og tryggleik tilbod ved Flora vidaregåande skule.**

### **VG3.**

Skulen har gjennom fleire år hatt god søknad til VG3 Påbygg til generell studiekompetanse og gjennomføringsgraden er høg. Såleis er dette eit populært tilbod som bidreg til fullføring av opplæringa for mange elevar.

Skulen har 3 grupper studiespesialisering VG2 i år, som vert tre grupper på VG3 neste skuleår. Skulen ber om at plassstalsfordelinga mellom Realfag og Samfunnsfag vert drøfta særskilt med skulen før utlysing og inntak, slik at elevane får halde fram med dei same faga over to år.



## Notat

**Frå:** Karl Ottar Rundereim

Susan Husabø, OA

**Til:**

**Kopi til:**

### Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017

Vi viser til bestilling pr. e-post av 09.09.15. vedk. denne saka.

Måløy vgs. har ikkje forslag til endringar i opplæringstilbodet ved skulen for neste skuleår. Vi ønskjer å vidareføre alle våre utdanningsprogram og klassar med grunnlag i vedtaket i Fylkestinget juni 2013, og meiner at tilbodet vårt er godt tilpassa til både elevønske og behov i næringslivet i lokalsamfunn/region og fylket (fylkesdekkande tilbod).

Vi vil knyte nokre kommentarar til dei enkelte yrkesfaglege utdanningsprogramma:

#### Teknikk og industriell produksjon (TP):

Vi meiner at dimensjoneringa for det fylkesdekkande tilbodet vg2 maritime fag er riktig med to grupper som i år. Nedgangen i talet på læreplassar som vert fordelte gjennom dei store regionale opplæringskontora (region nord-vest i Ålesund for vårt vedkomande) pga. endra konjunkturar innan offshore, vil vi kompensere gjennom samarbeid med det lokale kontoret for fiskeri- og maritime fag – OKFH – og gjennom samarbeid med Fjord1 og andre reiarlag. Vi har allereie lagt om strategien med tanke på læreplassar pga. dei store endringane som har funne stad innan offshore. Vi har ikkje fått nokon nedgang i søkjartalla til dette populære tilbodet. Ungdommar som tar fagbrev som matros eller motormann utgjør hovudrekrutteringa til skipsoffiserutdanninga ved den maritime avdelinga av Fagskulen i Sogn og Fjordane, lokalisert i Måløy.

#### Naturbruk (blå) med vg2 fiske og fangst og akvakultur(NA):

Dette er eit fylkesdekkande tilbod som utgjør hovudrekrutteringa til fagutdanning innan dei marine næringane. Elevane får greitt læreplassar gjennom det lokale opplæringskontoret, OKFH, både innan fiske og fangst og akvakultur. Læringar som tar fagbrev som fiskar går ofte vidare til dekksoffiserutdanning ved fagskulen. Rekrutteringa til opplæring innan akvakultur har auka gradvis dei siste åra, og i inneverande skuleår er det 8 elevar i den kombinerte gruppa av vg2 akvakultur og TAF (YSK)-elevar. Naturbruk blå er ikkje eit tilbod som trekkjer til seg dei store elevmassane, men er viktig for dei aktuelle næringane og for elevar som søker tilbod litt utanfor allfarveg.

#### Restaurant- og matfag(RM):

Rekrutteringa til tilbodet vårt har jamt over vore tilfredsstillande, med eit unnatak for søknaden til vg1 i fjor. Alle kvalifiserte elevar frå vg2 i vår søkte og fekk læreplass. Skulen har tett samarbeid



med den lokale bedrifta «Kraftstasjonen», som etter re-etablering med ny eigar i vår no har tre lærlingar som alle er tidlegare elevar ved vår skule. Vidare har skulen gjennom mange år satsa på Ungt Entreprenørskap/ungdomsbedrifter med utgangspunkt i sjømatprodukt, og har hatt stor suksess på dette området. Fokus på fagleg utvikling og rekruttering til læreplassar i bransjen lokalt er viktig, samtidig er RM eit tilbod som jamleg rekrutterer nokre av dei elevane som slit med å finne attraktive og aktuelle tilbod i det vidaregåande systemet.

#### Helse- og oppvekstfag (HO):

Vi har god rekruttering til både vg1 og vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag innan det ordinære yrkesfagtilbodet, men tilgangen til læreplassar på sistnemnde område kunne ha vore betre. Samtidig er rekrutteringa til TAF (YSK)-tilbodet innan HO god, i år er det 9 nye elevar innan denne gruppa. Dei aller fleste vel helsefagarbeidar på vg2 innanfor dette fylkesdekkande tilbodet.

Vi ønskjer å legge til rette for at elevar innan utdanningsprogrammet kan velje mellom barne- og ungdomsarbeidar og helsefagarbeidar på vg2, og vil kunne gjere dette gjennom tilrettelegging av timeplan og felles utnytting av dei samla ressursane vi allereie har til HO- og TAF-tilbodet.

På lik linje med RM er HO eit godt tilbod til elevar som slit med den teoritunge skulen og derfor finn få attraktive alternativ å velje mellom.

#### Bygg- og anleggsfag (BA):

Tilbodet er svært viktig for rekrutteringa til det lokale/regionale næringslivet, og elevane kjem i høg grad frå det same området. Eit evt. bortfall av tilbodet ville derfor vere svært uheldig med tanke på dei behova for ny arbeidskraft som finst lokalt. Søknaden til tilbodet kan variere noko frå år til år, men trass i dette endar vi opp med nokså stabile og tilfredsstillande elevtall på vg1 etter skulestart. På vg2 kan elevtallet vere noko lågare pga. at nokre elevar vel andre fagtilbod enn tømrarfaget, ved annan skule eller gjennom ein «vekslingsmodell» med opplæring i bedrift kombinert med skule. Tilbodet rekrutterer i høg grad til fagbrev, og ikkje til påbygg.

Karl Ottar Rundereim

rektor


**Sakshandsamar:**

 Hallgeir Hansen  
 E-post: Hallgeir.Hansen@sfj.no  
 Tlf.:

**Vår ref.**

 Sak nr.: 15/8405-10  
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**  
 42246/15

**Dykkar ref.**
**Dato**

SANDANE, 24.09.2015

 Sogn og Fjordane fylkeskommune  
 Opplæringsavdelinga  
 Askedalen 2  
 6863 LEIKANGER

## Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017 - Firda vidaregåande skule

Firda vgs er i dag ein skule med studieførebuande utdanningsprogram. Dette skuleåret er tilbodet ved skulen slik: idrettsfag, musikk, dans, drama, studiespesialiserande og påbygg til generell studiekompetanse. Med bakgrunn i dei vedtak som politikarane i fylket har gjort kan det sjå ut til at ein vil ha ein skule i fylket som har ein profil med studieførebuande utdanningsprogram. Dersom det er slik politikarane tenkjer, er skulen positiv til å utvikle denne profilen vidare. Med bakgrunn i dette og at Firda vgs og Gloppen har lange og gode tradisjonar og erfaring med å ta vare på ungdom som bur på hybel ynskjer vi å løfte fram to tilbod som vi tenkjer bør vere lokalisert på Firda vgs. Det er påbygg til generell studiekompetanse og medium og kommunikasjon studieførebuande.

Påbygg til generell studiekompetanse vart nytt utdanningsprogram ved Firda vgs skuleåret 13-14. Vi har desse tre åra hatt fulle klasser. Det er no vedteke at elevar med ferdig fagbrev har rett til å kunne gå påbygg. Vi reknar difor med at her framleis vil vere stort behov for elevplassar innafor dette utdanningsprogrammet. Resultata for dei to kulla som er ferdige ved skulen er gode. Vi vil difor be opplæringsavdelinga vurdere om det bør vere eit tilbod om påbygg til generell studiekompetanse ved Firda i framtida.

Vi ser på vilbli.no at det no er mogeleg å søke på medium og kommunikasjon studieførebuande. Dette er eit nytt utdanningstilbod som vi ved Firda vgs svært gjerne vil tilby. Bakgrunnen for dette initiativet er fyrst og fremst omsynet til ungdom i Nordfjord og elles i fylket. Det er mange ungdommar i regionen vår som har tatt kontakt med skulen fordi dei ynskjer å ta utdanning innafor medium og kommunikasjon. Firda vgs starta opp utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon yrkesfag i Sogn og Fjordane i 2001. Utdanningsprogrammet var tilbod ved skulen frå 2001 til 2013. Skulen har gode lokale, utstyr, tilgang til nødvendig kompetanse og gode samarbeidspartnarar. Vi veit at det er stor interesse for dette faget blant ungdom og det har alltid vore gode søkjartal til utdanningsprogrammet medium kommunikasjon yrkesfag. Vi veit og at søknaden til dette utdanningsprogrammet frå ungdommar i Nordfjord har endra seg dramatisk etter at tilbodet forsvant frå regionen. Det ligg og svært godt til rette for eit tett samarbeid mellom musikk, dans, drama og medium og kommunikasjon. Det er difor fornuftig med samlokalisering av desse utdanningsprogramma. I tillegg har skulen eit godt samarbeid med den kulturelle skulesekken om prosjektet filmhjelp.no. Gjennom dette tiltaket tilbyr vi undervisningsopplegg i film og redigering for skuleklasser rundt om i fylket. Vi vil med dette som bakgrunn be opplæringsavdelinga vurdere om det nye tilbodet i medium og kommunikasjon studieførebuande skal leggest til Firda vgs.

Med helsing

 Hallgeir Hansen  
 rektor

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*


**Sakshandsamar:**
 Trine Vedvik  
 E-post: trine.vedvik@sfj.no  
 Tlf.: 57638307
**Vår ref.**
 Sak nr.: 15/8405-1  
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
**Internt l.nr.**

41044/15

**Dyklar ref.****Dato**

NORDFJORDEID, 17.09.2015

Bekka Skaasheim, OA

## Opplæringstilbudet for skuleåret 2016-2017 – Eid vidaregåande skule

### Innspel frå Eid vgs.

Vi viser til mail av 09.09.15, der skulane er inviterte til å kome med innspel til opplæringstilbudet for neste skuleår. Innspelet er drøfta i drøftingsmøte 17.09.15, og tillitsvalde gav einstemmig tilslutning til innspelet.

### Studieførebuande utdanningsprogram:

I den vedtekne skulebruksplanen låg Eid vgs. på studieførebuande utdanningsprogram inne med studiespesialiserande med fordjuping i formgjeving. Ut frå låg søking ønskjer ikkje skulen at dette tilbudet vert lyst ut.

Det er derimot sær sars god søking til dei to parallellane på det vanlege studiespesialiserande tilbudet og til påbygg.

### Utdanningsprogram for Elektro:

Vg1 elektrofag ved Eid vgs., som er regiontilbod for Nordfjord, har historisk hatt stor oversøking. Av den grunn vart tilbudet ved skulen i siste tilbodsak auka med ei klasse, slik at det i dag er tre klasser.

Opplæringsavdelinga er gjennom tidlegare innspel og møte kjent med at bransjen i Nordfjord og Opplæringskontoret for elektrofag ynskjer ei klasse på Vg2 og Vg3 automasjon. Elektro/automasjonsmiljøet i Nordfjord er stort i landsmålestokk, og enkeltverksemdar uttaler spesifikt at veksten deira vert hemma av mangelen på tilgang til lokale lærlingar/fag-arbeidarar.

Fleire av verksemdene tek no inn automatikarlærlingar frå Møre og Romsdal, og som dei slit med å behalde. Ei kartlegging utført av Segel as av elektro/automasjonsmiljøet i Eid kommune, syner at det er 240 arbeidsplassar innan fagfeltet. I resten av Nordfjord er det i tillegg over 150 arbeidsplassar i same bransjen. Det er klart at det lokale/regionale rekrutteringsbehovet er stort og bransjen i Nordfjord er flinke til å ta inn lærlingar.

Skulen søkte etter påtrykk frå bransjen også i fjor om oppretting av automasjonstilbod. Påtrykket har auka og ved oppretting av Vg2 automasjon vil Eid vgs. frå komande haust tilby

opplæring i dei tre viktigaste fagområda som næringslivet i regionen treng rekruttering til. Det vil også redusere den store oversøkinga på Vg2 Elenergi. Det kan nemnast at skulen har formidla alle elevane som gjekk ut frå elektro i vår, både ut frå Vg2 elenergi og Vg3 dataelektronikk, og vi opplever det som lettare enn tidlegare.

Eid vgs. har tett og godt samarbeid med den veksande elektrobransjen i Nordfjord og har god lærarkompetanse med bakgrunn frå bransjen også for automasjon. Klasseroms/lab kapasiteten kan bli ei utfordring, men kan løysast. Vi reiknar ikkje med at det vert fire klasser på Vg1 Tip. neste skuleår.

### **Utdanningsprogram for Design og handverk:**

I høve skulebruksplanen har søkinga det fylkesdekkande tilbodet på Vg2 interiør og utstillingsdesign vore låg. Det er forholdsvis god oppfylling på Vg1 som er fylkesdekkande, men det skal også rekruttere til andre Vg2 tilbod, mellom anna Vg2 frisør i Høyanger. Ein heil klasseressurs på Vg2 Interiør og utstillingsdesign, kan etter skulen si meining dimensjonerast ned.

### **Utdanningsprogram for Tip:**

Skulen har i år fire klasser på Vg1, ei klasse på Vg2 industriteknologi og ei landsdekkande klasse på Vg2 industriell møbelproduksjon. Ut frå læreplass situasjonen er det ei klasse for mykje på Vg1, men tre klasser er greitt rekrutteringsgrunnlag til mange Vg2 tilboda innan utdanningsprogrammet og kryssløpa. Ei klasse på Vg2 industriteknologi klarer vi å formidle ut.

Søkinga til den landsdekkande klassa på Vg2 industriell møbelproduksjon tilseier at ein heil klasseressurs er for mykje. I alle høve i ein overgangsperiode til vi ser om interessa og attraktiviteten til den forholdsvis store bransjen tek seg opp. Sjølv med hjelp frå Norsk Industri klarte vi ikkje å rekruttere elevar frå andre fylker enn S&Fj., til inneverande skuleår.

### **Innføringsgruppe:**

Innføringsgruppa som skulen har hatt sidan 2009 er viktig for målgruppa. Fleire av dei framandspråklege klarer seg ikkje inn i vanlege Vg1 tilbod. Kunnskapane, særleg i engelsk og norsk er så låge at dei ikkje klarer verken fellesfaga eller programfaga utan innføringstilbodet. Dei som ikkje har hatt engelsk frå heimlandet, slit naturleg med å kome opp på eit nødvendig nivå, for å klare seg vidare. Det burde truleg vore ressursar for nivåddifferensiering for å hindre fråfall i vanlege tilbod detter innføringsåret. Sentrale signal frå regjeringa tilseier at det skal samarbeidast tettare med kommunane om finansiering av desse gruppene.

Tilbodet er viktig og skulen som er medlem i NAFO, ynskjer å halde fram med og vidareutvikle denne grunnopplæringa ilag med kommunane i regionen.

### **Oppsummering:**

Eid vgs. søker om å få oppretta ei klasse for Vg2 automasjon frå komande skuleår.

Dei heile klasseressursane på Vg2 Industriell møbelproduksjon og Vg2 Interiør og utstillingsdesign kan takast ned til 6 elevar på kvart tilbod. Alle fellesfagtimane kan slåast saman, men ikkje alle programfagtimane kan slåast saman. Vi ønskjer ein dialog med OA om kva som kan vere forsvarleg løysing opp mot programfaga.

Med helsing

Ove Bjørlo  
rektor

Trine Vedvik  
førstekonsulent

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Mottakar (ar)  
Bekka Skaasheim, OA

Kopi til:  
Susan Husabø, OA



**Sakshandsamar:**Randi Bjørset  
E-post: randi.bjorset@sfj.no  
Tlf.: 57 83 48 03**Vår ref.**Sak nr.: 15/8405-7  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

42096/15

**Dykkar ref.****Dato**

STRYN, 24.09.2015

## Notat

**Frå:** Randi Bjørset  
**Til:** Susan Husabø, OA  
**Kopi til:** Bekka Skaasheim

### Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017

Stryn vidaregåande skule ønskjer å halde fram med same tilbod i 2016-2017 som skulen har hatt i 2015-16.

#### Grunngjeving:

- Det er godt samsvar mellom eksisterande tilbod og søknad frå elevane.
- Elevantal for Stryn viser auke dei komande skuleåra ifølgje GSI-tal.
- Det er godt samsvar mellom opplæringstilbodet og behovet i næringslivet. Ingen elevar står utan tilbod etter Vg2 yrkesfag i 2015.
- Det er etablert godt samarbeid med næringslivet opp imot dei tilboda skulen har no. Vekslingsmodellen i bygg-og anleggsteknikk er døme på dette.
- Skulen har etablerte samarbeidstiltak med andre skular i Nordfjord, og det er grunnlag for vidareutvikling av samarbeidet både i fag og i utviklingsprosjekt. Stryn og Eid har fagsamarbeid om programfaget biologi og prosjektsamarbeid om velferdsteknologi.
- Tilbodet balanserer godt i høve søkartal og behov i samfunnet både lokalt og regionalt i Nordfjord.
- Det er gjort tilpassingar av undervisningslokale og utstyr i høve opplæringstilbodet.

